

Valen Barnehage
Foreldreutvalet
v/Amund Johnsrud
Sandamoen 1
3800 Bø i T.

330.00

2004/04169

- 376

Barne- og Familiedepartementet

Kommentar til forslag til ny lov om barnehagar

Lovens kap IV. Barnehagemyndighetens generelle oppgaver

Forslag, ny § 10 Godkjenning

FAU ved Valen barnehage, Bø kommune i Telemark, meiner loven bør innehalde ein regel, slik som dagens § 3, om barnehagens utforming. Det ligg i dette at det bør vere ein rettleiande norm for leikearealet inne og storleiken på utearealet, og at dette utearealet må liggje direkte knytt til barnehagens lokale.

Vi ser at ei lemping på desse krava kan bidra til at kommunane lettare kan få til utbygging av barnehagetilbod. Dei siste års utbygging av barnehagar har imidlertid ført til at fokus nå bør rettast enda meir mot kvalitet og innhald, framfor vidare kapasitetsauke i barnehagane. Vi er nå på veg over frå ein utbyggingsfase til ein fase der det er viktig å sikre og vidareutvikle kvaliteten på det tilbodet som allereie finst.

FAU ved Valen ser det difor som riktig å halde på dei eksisterande, lovfesta kvalitetsnormene for barnehagetilbodet i kommunane.

Bø i Telemark, 10.01.2005

Amund Johnsrud
Leiar i FAU, Valen Barnehage,
Bø i Telemark